



Hellestad - Hellestad skule



Vestland
fylkeskommune

Bakgrunn

Hyllestad skule vart bygd i 1973 og er i dag kommunen sin einaste skule. Den har 109 elevar (1. – 10. klasse). Uteområdet er stort sett det same som på 70-talet. Det er prega av store asfaltflater med få aktivitetstilbod og manglende variasjon – spesielt for ungdomstrinnet. Dei eksisterande tilboda består av ein klatrepark (finansiert med hjelp av Sparebankstiftinga og spelemidlar i 2015), ei stor sandkasse, 2 leikehytter, 2 dissar og nokre klatrestativ. Fotballbana grenser til skuleområdet og er favorittstaden til mange elevar. Her kan dei spele fotball, spasere, leike eller «henge». Etter å ha fullført den nye «Hyllestadhallen» ønskjer kommunen å prioritere skulen og uteområdet som ein viktig del av Hyllestad sentrum. Det er satt av midlar, og ei bredt forankra arbeidsgruppe jobbar for å realisere draumen om eit nytt flott uteområde som skal komme heile kommunen, skulen, nærmiljøet, lag og besøkjande til gode.



Kvifor ønskjer vi eit forbетra uteområde?

Hyllestad kommune og skule står overfor diverse utfordringar:

- Uteområdet ser stort sett ut som for 50 år sidan då skulen vart bygd. Elevar, tilsette og innbyggjarar opplever uteområdet som «grått, kjedeleg og trist» med få moglegheiter for aktivitet og trivsel.
- Hyllestad skule har därleg score på elevundersøkingar innanfor mobbing og trivsel (ung.no).
- Synkande elevtal, fråflyttingsproblematikk. Berre sidan mai har 16 elevar flytta vekk.
- Mange barn/ungdomar/vaksne er for lite fysisk aktive i kvardagen (på lik linje som elles i Noreg).
- Lite attraktivt sentrumsområde som skulen er ein del av. Det manglar gode møteplassar.
- Uteområdet til skulen er bortgjømt og lite brukt utanom skuletid.

Vi ønskjer eit forbetra skuleområde for å i større grad aktivisere ulike brukarar både i skule- og fritid, skape nye møteplassar, binde saman skulen med resten av sentrum og på denne måten bidra til auka trivsel og bulyst i kommunen. Vi ønskjer dessutan at brukarane kjenner stort eigarskap til uteområdet, noko som vi prøver å oppnå gjennom sterk medverknad, spesielt av elevane i planleggings- og realiseringsfasen.

Visjon: Sosialt, livleg og mangfaldig, i skule og fritid!

